




# Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 1 | PÅSKE | 2018 | 95. ÅRG.



*God påske!*

# «No livnar det i lundar»

Det finns mange vakre vårsalmar. No er det like før vi hentar dei fram igjen og syng dei på ny.

*«Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord  
og atter som eit under  
nytt liv av daude gror.»* (844)

Kvart år fødest naturen på ny. Der jorda for kort tilbake var steinhard av frost, veks ein fin liten blome fram.

«**Ein fin liten blome**», (492) er ein annan vakker song.

Kven som har skrive den er det ingen som med visse veit. Men at den er vakker det er det mange som syns. Songen peikar nettopp på den nære samanhengen mellom påsken og våren.

*«Ein dag vil den stormande vinter deg nå,  
då vert det vel dødsdagen din.  
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,  
til vårsola kysser mitt kinn.»*

**Påskeevangeliet forkynner vår.**

Bibelen talar om menneske som liknar graset og blomen på marka. Vi blir borte. Døden talar sterkt og ofte brutalt. Det har mangan smerteleg erfaring med. På mange måtar deler vi blomstens skjebne. Livet er kort og det går fort og «staden vår veit ikkje meire av oss.»

Likevel er det håp.

For livet dør ikkje. Med Jesus Kristus vann livet.

Derfor er det håp – håp om ein evig vår.

*«Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong  
i morgonen æveleg klår,  
og blanda med heilage englar min song  
i himlen, dit døden ei når!»*

**Eller med Elias Blix:**

*«Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong.»*

**Eller med ein annan av våre kjære vårsalmar:**

*«Alt kjød er gress og flyktighet  
det tæres fort av elde.  
Kun du, Treening majestet,  
er evig i din velde!  
Med sjel og kropp skal jeg stå opp  
og blomstre i ditt rike,  
når denne jord må vike.»* (845).

God påske!  
Stein Hugo Fykse







## Utdeling av Bibel til 10- og 11-åringane



Alle minikonfirmantane, som talde 57 til saman, fekk invitasjon til denne utdelinga i si kyrkje. Mange møtte opp til desse gudstenestene og mottok Bibelen.

Dessverre kolliderte nokre av gudstenestene med vinterferien. Dei som ikkje kunne møte kan hente Bibelen på kyrkjekontoret. Vi ser fram til å treffast. Dette er Bibelen som skal følgje med i konfirmasjonsundervisninga, så det er flott om alle tek vare på den.

*Foto: Jannicke Gjervik (frå utdelinga i Askvoll kyrkje).*



# Kvammen kapell er endeleg opprusta



*Takkonstruksjonen på kapellet er ombygd med betre fall på det flate taket og nye nedløp for å stoppe vannlekkasjane som har vore. Her er også nytt takdekke.*

*Siste to åra har det vore arbeid med både utvendig og innvendig rehabilitering av Kvammen kapell. Arbeidet har vore sårt tiltrengt, særleg på grunn av betydelige fuktskader innvendig etter mange år med vanninntrenging i det no 41 år gamle kapellet. Planleggings- og prosjekteringsarbeidet tok til i 2015 og arbeidet er slutført på nyåret 2018. Det har vore tidkrevjande å få dei nødvendige godkjenningar på plass når det gjaldt fasadeendringar i samband med ombygging av takkonstruksjonen.*

Utvendig på kapellet er det gjort grep for å hindre vanninntrenging frå det flate taket og ned i kyrkjebygget. Det er laga til betre fallvinkel og nytt nedløpssystem for å få unna takvatnet. Ein del glas på «pyramiden» over kyrkjerommet er bytta ut, og ein har montert nye ytterdører. Det er gravd ut ei ny drengroft langs med grunnmuren.



*Det er lagt nytt vinylbelegg i hallen og tak og veggjar er pussa opp.*

Innvendig i kapellet er det nye golvflater i alle rom. Det er nytta vinyl i hallen, våpenhuset, toalettromma og sakristia og laminat i sjølve skipet og sidesalen. Vegg- og takflater er pussa opp, og toalettdelen i hallen er fullstendig rehabilitert. Her er mellom anna støypt heilt nye golvflater. Det eine toalettet er bygga om med tilpassing til rørslehemma. Alt av sanitærutstyr er nytt.

Det har vore litt problem med varmekablene i kapellet. Ein har no fått supplert med varmpumper i tillegg til nye varme-kablar i våpenhus og toalettavdeling.

I kjøkkenet er det gjort noko opprusting også. Det er sett inn ein ny gasskomfyr og nokre av kjøkkenskåpene er skifta ut p.g.a. gamle fuktskader. Også i kjøkkenet er det lagt nytt linoleumsbelegg på golvet.





*Skipet har fått eit løft med nye golvflater. Det slitne golvteppet er bytta ut med moderne laminat.*



*Dei svært så nedslitne toalettromma er fullstendig rehabiliterte. Her er støypt nytt golv, og alt av sanitærutstyr er nytt. Ein har også fått tilpassingar til universell utforming.*

*Sidesalen, som kan opnast opp inn mot hovudskipet, har fått samme golvdekke som i kyrkje-skipet.*

Dei store investeringsprosjekta er det Naustdal Bygg AS som har hatt kontrakten på, men mykje av det innvendige rehabiliteringsarbeidet er utført på dugnad. Det er kyrkjelydsutvalet i Kvammen som har organisert dugnaden. Total kostnadsramme på dei to investeringsprosjekta på kapellet ligg i underkant av kr 3,8 millionar, der det aller meste er finansiert med investeringstilskot frå kommunen. I tillegg til investeringskostnadene har ein nytta fondsmidlar og ordinære driftsmidlar til tiltak som er utført utanom prosjektplanane.

**Tekst: Rune Ziener, Foto: Kåre Rune Gjelsvik.**





## Barnekor

Er du mellom 6 og 12 år og likar å synge?  
Velkommen til oss!

Vi øver på Askvoll skule kvar torsdag  
frå kl. 14.45 til 15.30.

Meir informasjon på: [askvoll.kyrkja.no](http://askvoll.kyrkja.no)

## Kor for vaksne

Har du lyst til å synge i kor? Har du sunget før, og har lyst til å ta opp sangen igjen? Liker du å synge eller har du aldri sunget annet enn i dusjen, men har lyst til å prøve korleis det er å synge sammen med andre?

Ta med godt humør og kom til oss!

Vi øver i Askvoll kyrkje kvar torsdag frå kl.18.00 til 20.00.  
Bli med oss i eit fantastisk korprosjekt.



*Salg, montering og service av varmepumper*

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI**  
**ELECTRIC**

 **NOVAPGODKJENT**  
FORHANDLER

**Isovator**  
F-gass  
Sertifisering





# Nytt kjøkken

## i dåpssakristiet i Askvoll kyrkje

I romjula tok arbeidet til med å fornye det slitne kjøkkenet i dåpssakristiet i Askvoll kyrkje til. Arbeidet er organisert av kyrkjelydsutvalet i Askvoll, og er utført på dugnad. I sakristiet har vi no full kjøkkeninnreidning, og det er kjøpt inn ny oppvasksteamer. Innkjøpa vert finansiert med gåvemidlar. Vi gler oss over ein lys og triveleg kjøkkenkrok, og rettar ein stor takk til alle som har bidrege med frivilleg innsats.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Askvoll sokn

### Kyrkjelydspedagog (50%)

Askvoll sokn har ledig stilling som kyrkjelydspedagog til trusopplæringa i soknet. Tiltreding snarast.

Søknadsfrist: 25. april 2018

Sjå våre heimesider [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no) for nærare informasjon om stillinga





# Der ingen kunne tro at noe kunne gro

*I Nan-provinsen i Nord-Thailand lever Lua-folket. Tradisjonelt er de animister som brenner skogen og planter tørrlandsris oppetter fjellskråningene.*



Den lutherske kirken i Thailand har drevet arbeid blant Lua-folket i ca. 15 år og mange menigheter er etablert i området. For noen år siden ble Det Norske Misjonsselskap (NMS) utfordret til å se om det var mulig å gjøre noe på jordbruksfronten.

## **Lite avling**

Jordbruksprosjektet i Ban Den ble startet så smått på våren 2014, på et stykke land der ingen kunne tro at noe kunne gro. Landet var menighetens eiendom, og kirkens team hadde prøvd å dyrke mais og ris, men uten å få avling. Aksene var bare tomme. Som bonde og utdannet på NLH i Ås var det kjekt å bli spurt om min kompetanse til å utvikle området. Vi startet med å ta jordprøver og de viste veldig sur jord. I tillegg var jorda hard, pakket og mettet med vann. Det var med andre ord lite plass til oksygen i jorda, som trengs til alt jordlivet som bør være der for å gi skikkelig plantevekst.

## **Gratis nitrogen**

Prosjektet leide en gravemaskin som laget en åpen grøft slik at overflatevannet kunne ledes ut. I tillegg ble jorden kalket for å heve pH-verdien. For at jorda skal bli fruktbar er det viktig med vekstskifte og prosjektet fortsatte derfor med å plante nærende belgvekster. De har den geniale egenskapen å kunne hente «gratis» nitrogen fra lufta. Nitrogenet blir igjen i jorda til neste vekstsesong. Teamet dro på kurs for å lære om kompost og viktigheten av å bruke lokalt tilpassede sorter for best mulig avling. For å få tilgang til gjødsel valgte de å starte med griser. Disse fores opp på lokale ressurser, – hovedsakelig banantrær fra skogen. Grisene har nå blitt til to mødre som produserer to kull per år for salg. For å utnytte alt vannet som var tilgjengelig ble det anlagt to fiskedammer på området. Dette vannet kan så nyttes som næringsrikt vann for nedenforliggende vekster.





### Imponert landbrukssjef

Nå i 2017 har prosjektet vist stor framgang. Grønnsaker er produsert og solgt på markedet og rismarkene gav dobbel avling i forhold til året før. Landbrukssjefen i området er imponert over hvor hardt teamet jobber og har donert planter og dyr til prosjektet. Nå har de også geiter, høner, kalkun, ender og gjess. Snart skal de få et par kuer også. Der det i fjor ble dyrket bønner, er det nå anlagt en flott jordbærråker. Nytt jorde er ryddet og plantet til. I et nybygget drivhus for grønnsaker spirer og gror det i tusentall, små planter som snart skal plantes ut på klargjorte senger. I tillegg er det anlagt to plantasjer med banan og inka-peanøtter.



### Kirken viser vei

Foruten de agronomiske utviklingsstegene har prosjektet også en videre innflytelse på lokalsamfunnet. Arealet ligger tett opptil veien der mange ferdes og folk stadig stopper opp, kikker litt og spør av nysgjerrighet. I tillegg har det tidligere ligget et gammelt buddhistisk tempel i nærheten og mange har ment at man forstyrrer åndene ved å dyrke jorda her. Etter at kirken tok i bruk sine områder, har naboene på begge sider plutselig funnet ut at de kan gjøre det samme.

Tekst og foto: Tor Helge Brandsæter

# TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS**  
**SOS**



# Vår vår

Naturen maler nye bilder  
hver morgen, hver dag  
med myke farger  
i grønt og hvitt, i liljegult og asurblått  
under skarpe solstreif  
eller i regnvær og i stålgrå skodde  
eller mens tåken letter  
og perspektivet vides ut.  
Litt etter litt vender livet tilbake.  
Mens sevjen og motet stiger  
mot nye høyder.  
Alt liv vil opp og fram.  
Det gir håp og forventning.  
Stille glede  
over alt vi får  
mens våren blir vår.


*Sigurd Wahl Sande*

*Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå.*



## Fargelegg!

Jesus vaska føtene til læresveinane.



Teikning: Jan McCafferty

Mannen gjekk inn på reisebyrået og sa:  
– Eg vil ha ein billett til Sikte.  
– Sikte, kor er det?  
– Eg veit ikkje, men på vèrmeldinga sa dei at det var betre vèr i Sikte.

## Vitsar

– Kvifor et du plaster?  
– Eg har så vondt i magen.

– Kvifor puttar du iPhonen din i juspressa?  
– Eg lagar Apple-jus.

## Finn 5 feil


Teikning: Jan McCafferty

Kvelden før Jesus blei korsfesta, feira han påskemåltid med læresveinane sine. Finn dei fem feila i biletet til høgre.



## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg?



## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.



Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller **22 08 71 00**

# Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

[Lindbøen 2](#)      6809 Førde

[Markegt. 42](#)      6900 Florø

Lailas Blomster

Vaktttelefon 57 82 70 30

Vaktttelefon 57 74 31 36

Telefon      57 73 02 95

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blommar  
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*





## Konfirmasjonsgudstenester Våren 2018

Holmedal kyrkje	29. april	kl.11.00	Bulandet kapell	19. mai	kl.12.00
Askvoll kyrkje	06. mai	kl.11.00	Stongfjorden kapell	20. mai	kl.10.00
Vilnes kyrkje	12. mai	kl.11.00	Kvammen kapell	20. mai	kl.12.00
Værlandet kapell	19. mai	kl.10.00			

# Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,  
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**18. mars kl.17.45**

Temagudsteneste m/konfirmantane ved Erling Nydal og Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelyden sitt Misjonsprosjekt.

**01. april k.12.00**

Påskedag ved Stein Hugo Fykse. Offer til Laurdagsklubben.

**15. april kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens SOS.

**06. mai kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**17. mai kl.10.00** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Den Norske kyrkje i utlandet.

**10. juni kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**01. juli kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**22. juli kl.19.00** v/Stein Hugo Fykse.

**19. aug kl.11.00**  
v/Knut Arne Kummeneje.

**09. sept kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.



## STONGFJORDEN KAPELL

**20. mai kl.10.00**

ved Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon. Offer til Stongfjorden kapell.

Velkommen til dugnad  
på Askvoll kyrkjegard

**Mandag 30. april kl. 18.00**

Ta gjerne med hagereidskap.



## VILNES KYRKJE

**23. mars kl.13.00** v/Stein Hugo Fykse. Skulegudsteneste. Ikkje offer.

**01. april kl.19.00**

Påskedag ved Stein Hugo Fykse. Offer til Den norske kyrkja i utlandet.

**12. mai kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon. Offer til Vilnes kyrkje.

**10. juni kl.19.00** v/Audunn Systad.

**08. juli kl.11.00**  
v/Knut Arne Kummeneje.

**26. aug kl.19.00** v/Stein Hugo Fykse.

**23. sept kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.



## HOLMEDAL KYRKJE

**11. mars kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjebileet.

**30. mars kl.19.00.**

Langfredag ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer.

**29. april kl.11.00**

ved Erling Nydal. Konfirmasjon. Offer til Holmedal bedehus.

**17. mai kl.11.15** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Holmedal kyrkje.

**27. mai kl.11.00. ved ?.**  
Offer til Kyrkjebladet.

**17. juni kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**15. juli kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**05. aug kl.19.00** v/Audunn Systad.

**02. sept kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.



## KVAMMEN KAPELL

**25. mars kl.11.00**

Palmesundag ved Stein Hugo Fykse. Offer til Det Norske Misjonselskap.

**22. april kl.19.00** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Kvammen kapell.

**20. mai kl.12.00** v/Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon. Offer til Jonasklubben.

**17. juni kl.19.00** v/Stein Hugo Fykse.

**12. aug kl.19.00**  
v/Knut Arne Kummeneje.

**16. sept kl.11.00** v/Audunn Systad.



## BULANDET KAPELL

**29. mars kl.17.00**

Skjærtorsdag ved Stein Hugo Fykse. Offer til Livsmeistringssenteret på Skei.

**22. april kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjebladet.

**19. mai kl.12.00** v/Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon. Offer til Bulandet kapell.

**24. juni kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**29. juli kl.11.00** v/Reidar Knapstad.

**26. aug kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

**30. sep kl.11.00** v/Stein Hugo Fykse.

## GUDSTENESTER I VÆRLANDET BEDEHUSKAPELL

19. mai kl.10.00 v  
/Stein Hugo Fykse. Konfirmasjon.  
Offer til Værlandet kapell.



# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTE 2017/18

### ASKVOLL KYRKJE

21. januar Martine Solheim Myhrvold  
21. januar Marius Larsen  
04. mars Hannah Haugen Færaas

### VILNES KYRKJE

28. januar Theodor Høyvik

### HOLMEDAL KYRKJE

17. desember Aria Olea Hansen Flekke  
*Døpt i Førde kyrkje*  
18. februar Leonora Festervoll  
11. mars Aaron Gjørøy Solvik

### BULANDET

14. januar Ella Yana Pacot Landøy

### KVAMMEN KAPELL

25. februar Oda Marie Gjelsvik

### STONGFJORDEN KAPELL

25. desember Vilje Eveline  
Gjervik Andal



## GRAVLAGDE 2017/18

### ASKVOLL

20. desember Arvid Sæther f.1922  
25. januar Klara Petrine Nes f.1922  
08. februar Lilly Ingrid Digernes Ask f.1932  
16. februar Ragna Nes f.1917  
01. mars Lidveig Magnhild Solheim f.1924

### HOLMEDAL

19. desember Åge Guddal f.1967  
31. januar Sigfrid Tangedal f.1939  
09. februar Sigrid Amanda Helle f.1913  
23. februar Jostein Haaland f.1922

### VILNES

15. desember Margunn Helene Herland Hansen f.1947  
17. januar Eldbjørg Herland f.1924  
18. januar Knut Magnus Landøy f.1946

### VÆRLANDET

11. januar Solveig Halvorsen Wrangell f.1946

### BULANDET

13. februar Klara Signe Nybø f.1920


### GJELSVIK

20. februar Anita Merete Berg Hestvik f.1964

## Årsmøte 2017 – Askvoll sokn

Det vert årsmøte for soknet (soknemøte)  
i Kvammen kapell søndag 22. april  
etter gudstenesta kl. 19.00.  
Ordinære årsmøtesaker.

Vel møtt,  
Askvoll sokneråd





# Velkommen til gudsteneste i påska

**Palmesundag kl. 11.00 i Kvammen kapell**

**Skjærtorsdag kl. 17.00 i Bulandet kapell**

**Langfredag kl. 19.00 i Holmedal kyrkje**

**Påskedag kl. 12.00 i Askvoll kyrkje**

**Påskedag kl. 19.00 i Vilnes kyrkje**



No kan du betale for kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**  
på sms til  
**2380**

(200 kr.)



## DEN NORSKE KYRKJA

### Askvoll

#### KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjevevje

☎ 479 63 319  
✉ [kyrkjevevje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevje@askvoll.kyrkja.no)



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjesekester

☎ 918 74 724  
✉ [kyrkjesekester@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekester@askvoll.kyrkja.no)



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

☎ 909 60 154  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)



MALGORZATA ANNA TVEIT  
ORGANIST

☎ 951 84 429  
✉ [organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)



INGVILD LOFTHEIM  
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419  
✉ [konsulent@askvoll.kyrkja.no](mailto:konsulent@askvoll.kyrkja.no)

#### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebookside: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](http://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll)



**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte 909 38 382